Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Kvås

Emne: Beit og brom. | Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Skeestøl | Gard:

(adresse): Førland, Kvinesdal | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein både har nytta og nyttar framleis brom som tilskot eller naudfor.
Tidleg på vinteren heiter det oftast ris; men på våren, når det vert knuppar og rakler på, vert det brom.
Det vanlegaste er bjørkebrom; men ein kan og nytta andre lauvtre.

2. Det vanlege namnet på henting eller hakking av brom er å broma.
Nokon serskilt slede tie slikt har eg korkje sett eller høyrt gjete.

3. Brom kan hentast heim heile vinteren. Til vanleg køyrer ein treet heim heilt og så kvistar ein det heime i tunet. Men det meste bromet vert henta på vårparten. Bromet er rekna for å vera ringare så lenge det er „ris."

4. Fyrst kvistar ein greinene av treet, og så hakkar ein kvistane med sigd, eller i seinare tid stundom med lauvkniv.
Sigden er ein vanleg kornsigd, og lauvkniven er ein type som er å få kjøpt.



SIGD.



LAUVKNIV.

5. Foret vert nytta både til ku og sau.
Stundom vert det blanda med anna for (hóy eller halm), vel helst frå fyrsten for å venja dyra til å eta det. Men som oftast vert det gjeve åleine.

6. Ein kan ha dei heimkøyrde trea i ein kost utanfor lóa, men etter kvart som bromet vert hakka av, vert det bore inn i lóa.
Krøtera går ikkje og et i kosten ute.

7. Kjenner ikkje til det.

---

Ordi vert bøygde slik:
et brom - bromet. (Berre i eintal).
å broma - broma - broma - broma.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Norsk Etnologisk Gransking

Oslo.

På skrivet Dykkar av 13/12. f.-å. skal eg svara:
Ordet brumskog har eg aldri høyrt nytta av nokon, men brum eller brom tyder som nemd i skrivet Dykkar, friske kvister av lauvved, serleg om bjørkebrum. Og hentinga av kvist i skogen heiter å broma. (open o).
Dei hermer og etter ein gamal mann på Hellevand i Lyngdal at han slepte kyrne ut på snøen tidleg om våren for at dei skulle broma, d: eta ris og kvist.
Skav er borken av lauvved, helst av rogn, men også av andre lauvtreslag. Eg har aldri høyrt noka samanblanding av skav og brum. Skavskogen heitte elles her „skovved", ikkje skavved.

Kvinesdal 6/1 - 1955

Helsing

Arne Stueslöl

966